

Styremøte 1-2018

Tysdag 13. februar kl. 18-20 hos Inge

Desse møtte: Ole Bosnes, Terje Edvardsen, Inge Bakke, Dagfinn Grøttå, Arne Hjertenes.

Saker

1. Kontaktpersoner til slippet

Ingen endring

2. Kontaktpersoner for klubbhuset

Dagfinn Grøttå (klubbhusansvarleg), John Haugen, Terje Edvardsen

3. Fordeling av nøkler til klubbhuset

Styret og klubbhusnemnda skal ha nøkler når huset er ferdig.

4. Reglar for klubbhuset

Dagfinn Grøttå går sammen med John Haugen og lager framlegg til styret.

5. System for registrering av straumforbruk i båtane

Båteigarar som vil ha ståande på straum til oppvarming eller lading blir pålagt å ha straummålar i båten og å lese av straumforbruket. Laget kjøper inn 5 stykker og selger til dei som ikkje har sjølve.

6. Arbeidsfordeling i styret

Inge Bakke vart vald som styremedlem for eit år. Det var underforstått at han og Ole Bosnes, som var kasserar i 2017, skulle skifte roller. Ole Bosnes ønsker likevel å fortsette å ha rekneskapen, medan Inge Bakke vil fortsette å drive heimesida, skrive møtereferat og administrere omsetning av båt plassane. Dagfinn Grøttå har ansvar for tilsyn og utleige av klubbhuset, Arne Hjertenes for slippet medan Terje Edvardsen har overordna tilsyn med hamna, inklusiv slipp og klubbhus.

7. Omlegging av privat utleige av båt plassar til utleige drifta av styret

I samsvar med årsmøtevedtak i 2018, og noverande vedtekter, skal styret drifte utleige av båt plassar som medlem ikkje har bruk for sjølve. Dei som til no har leigt privat skal frå og med februar 2018 registrerast av styret og vil bli krevd for leige i samsvar med vedtektene. Inge tek kontakt med dei utleigarane det gjeld for å få kontakinformasjon om leigetakarene. Desse vil deretter bli orientert om dei nye reglane.

8. Melding til Brønnøysundregistrane om endring i styret

Inge melder frå via Altinn.

9. Økonomisk stode

Grov oversikt viser at vi vil ha ca. 100.000 kr til overs til drif av laget i 2018 etter at nødvendige arbeider på klubbhuset er gjort.

10. Plass B24 til salgs

Inge administrerer prosessen i samsvar med vedtektene.

Møtet slutt.